

Årsmøte Flora Turlag

Torsdag 28. november på Horne Brygge, frå 19.00 – 21.00. Det var registrert 26 røysteføre medlemmar blant dei frammøtte. Flora Turlag ved styreleiar Bengt Solheim Olsen ønska velkommen. Deretter informerte Dag Eliassen om status på det spennande prosjektet med ny sikringsbu ved Gjegnabu. Takk for ein flott presentasjon!

1) Godkjenning av innkalling

Innkallinga var samrøystes vedtatt.

2) Godkjenning av sakslista

Saklista vart samrøystes vedtatt.

3) Val av møteleiar

Bengt Solheim-Olsen vart samrøystes valt som møteleiar.

4) Val av to møtesekretærer

René Korneliussen og Karen Nilsen vart samrøystes valt som møtesekretærer.

5) Val av to til å skrive under protokollen

Eldrid Ryste og Lisbeth Ingvaldsen vart samrøystes valt til å skrive under protokollen.

6) Styret si årsmelding

Bengt, leiar i Flora Turlag, tok årsmøtet gjennom årsmeldinga. Årsmeldinga blei samrøystes vedtatt.

7) Årsrekneskap

Sunniva, rekneskapsansvarleg, gjekk gjennom tala i rekneskapen. Årsrekneskapen blei samrøystes vedtatt.

8) Budsjett og handlingsplan for 2025

Sunniva gjekk igjennom budsjettet for 2024. Bengt gjekk gjennom handlingsplan 2024. På handlingsplanen kom det kommentarar om at den treng revidering, og tips til kva det nye styret kan gjere. Det burde også bli spesifisert kva krav kajakktureleiarane har. Det kom også inn innspel på kva vi kan søke av midlar, stiprosjektet til Ålfotbreen Landskapsvernområde og samarbeid med andre turlag.

Merknadane tatt til vitande. Budsjett og handlingsplan blei samrøystes vedtatt.

9) Vedtektsendring: Saksliste

Denne saka vart offentleggjort ved årsmøte i fjor. Forslag til vedtaksendring: Sakslista til årsmøtet vert lagt ut på Flora Turlag sine nettsider seinast ei veke før årsmøtet.

Saka blei samrøystes vedteke.

10) Vedtektsendring: Dato for årsmøte

Denne saka blei innsendt av medlem innan 3. månadars fristen, men ved en inkurie og misforståing blei ikkje dette offentleggjort. Forslag til vedtak blir difor at neste års årsmøte voterer over forslag til vedtak: Årsmøte bør haldast over nyttår, og ikkje i november. Då vil rekneskapen gjelde for eit heilt rekneskapsår, og årsmøte haldast innan 15. februar.

Saka blir no offisielt offentleggjort, og behandlast ved neste årsmøte.

11) Fastsetting av losji prisar for 2025

Bengt la fram forslag til vedtak frå styret: Flora Turlag følgjer DNT Oslo og omegn sine prisar og reglar på hyttene, men har eigne prisar for å booke heile hyttene. Det kom inn eit benkeforslag frå Signe Nordvik om å behalde prisane som dei er. Desse er:

	Medlem	Ikkje-medlem
Vaksne	200	400
Ungdom 12-15 år	100	200
Born	0	0
Heile Gjegnabu	2 000,-	3 000,-
Heile Kinn	2 000,-	3 000,-
Heile Børabu	1 000,-	1 500,-
Heile Blåbrebu	3 000,-	4 000,-
Dagsbesøk pr. pers	35,-	80,-
Dagsbesøk pr. fam	65,-	80,-

Dette forslaget fekk fleirtal og dermed vedtatt av årsmøte.

12) Fastsetting av turavgift for Flora Turlag 2025

Forslag til vedtak frå styret var å behalde prisane frå 2024. Det kom inn eit saksinlegg frå Signe Nordvik om å gjere tysdag- og onsdagsturane gratis. Dermed blei framlegget: Heildagsturar: Medlemmar gratis og ikkje-medlemmar 100,-. Tysdags-

og onsdagsturar: Gratis for medlemmar og ikkje-medlemmar. Born under 15 år gratis. Transport 50,- til sjåfør ved felleskøyning. Over 30 km 80,-

Dette forslaget fekk fleirtal og dermed vedtatt av årsmøte.

13) Hund på turlagshyttene

Forslag til vedtak: Styret skal jobbe vidare med mogelegheita for tilrettelegging for hund på dei forskjellige hyttene til Flora Turlag. Dette må skje i samråd med de hytteansvarlege i 2025.

Framlegget blei samrøystes vedtatt.

14) Sikre god forvaltning av viktige natur og friluftsområder og landskapskvaliteter

Forslag til vedtak: Styret innstiller på å avvise forslaget. Ber om at årsmøtet har tillit til at styret følger opp føremålsparagrafar og vedtekter.

Styret reviderte si innstilling etter god diskusjon til: Styret får fullmakt til å utnemne eit naturbrukarutval, om dei ser dette nødvendig, som kan handtere innkomande saker med dette temaet.

Revidert forslag blei samrøystes vedtatt av årsmøte.

15) Val av styret og styremedlemmar 2025

Toralf Otnes legg fram valnemndas arbeid og kandidatar.

Bengt Solheim-Olsen vart samrøystes valt som styreleiar (1 år)

valnemnda si innstilling:

Kenneth Van der Meulen	medlem	nyval (2 år)
Hildegunn Isene	medlem	nyval (2 år)
Hilde Knudsen	medlem	ikkje på val
René Korneliussen	medlem	ikkje på val
Ingrid Andresen Lund	varamedlem	nyval (1 år)
Tilde Løvold Svardal	varamedlem	nyval (1 år)

Valnemnda sitt forslag vart samrøystes vedteke

16) Val av medlem til valnemnd 2025

Anders Espeset, Karen Nilsen og Sunniva Geithus samrøystes vedteke.

17) Val av revisor 2025

Alvdis Solvang tok attval som revisor for eitt år. Revisor samrøystes valt.

18) Val av to utsendingar til Sogn og Fjordane Turlag sitt årsmøte

Forslag til vedtak: Styret får fullmakt til å utpeike nokon frå styret når dette er konstituert. Vedtaket blei samrøystes godkjent.

Vi gjer merksam på at alle vedlegg som vedkjem årsmøtet ligg på våre heimesider. Takk til som deltok på årsmøte, med gode diskusjonar og refleksjonar!

Karen Nilsen (Jan 8, 2025 21:02 GMT+1)

Karen Nilsen

René Korneliussen

Lisbeth Ingvaldsen (Feb 12, 2025 22:21 GMT+1)

Lisbeth Ingvaldsen

Eldrid Ryste (Jan 8, 2025 21:08 GMT+1)

Eldrid Ryste